


Storinnrykk i Uskedalen

06.06.2008



Kristian Bringedal får ein travel laurdag. Her er han "skulemeister" på Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er neste helg "alt" skjer i Uskedalen – med aktivitetsdag, vertshusopning og Dønhaugdans. Men det er ikke så lite som skjer denne helga heller og ein av hendingane er "sigersfesten" som SPAR held for kundane laurdag klokka 12 etter å ha gått til topps i Norge på service.

Ellers blir det faktisk også storinnrykk utanfrå utover ettermiddagen. Då kjem det to busslastar og kultursjef og prosjektleiar Kristian Bringedal får si fulle hyre med å losa gjestene rundt på det han kallar ein kulturhistorisk rundtur. Bygdetunet på Rød og skulen på Haugland er to naturlege mål.

Den eine gruppa er leia av professor i bioteknologi Dag Helland frå Bergen som har med seg kolleger frå universitetsmiljøet..

Den andre gruppa er medlemmer av ein Stord-basert losje og her er Audun Eik lokal kontaktperson.

- Det er tydeleg at Uskedalen for alvor er i ferd med å bli ein attraksjon og har eit potensiale. Det må vi etterkvart gjera noko meir for å utnytta, seier Bringedal til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen